



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 18.04.2017
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenter
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen, permisjon frå kl. 13.10-14.10	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Reprenter
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenter
Roald Arnold Espset	Odd Arne Folkestad	FRP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Sølvi Dimmen	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Inger-Johanne Johnsen	Sektorsjef kultur og service OS 66/17
Per Heltne	Planleggjar PS 56/17
Torgeir Stensø	Planleggjar PS 57/17
Heidi Istad	Planleggjar PS 58/17
Ingunn Gjengedal	Ass. helse- og omsorgssjef PS 61/17 og 62/17
Lars Løkeland Slåke	Sakshandsamar PS 67/17
Edvin Løfoll	Sakshandsamar PS 60/17



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 54/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 55/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 66/17	Opningstider på servicekontoret
PS 56/17	Planid 2016001 - reguleringsplan E39 Volda - Furene. Planform. avtale med Statens Vegvesen om utarbeiding av områdereguleringsplan.
PS 57/17	Planid 2011009 - Reguleringsplan turveg Rotevatnet - handsaming etter nytt offentleg ettersyn
PS 58/17	Rasteplassar langs riksveggar i Volda
PS 59/17	Hjartåbygda skyttarlag - tilskot til bygging av veg og parkeringsplass
PS 60/17	Breiband/fiber Volda – Grodås
PS 61/17	Utfordringar knytt til manglande faste stillingsressursar ved avlastningstilbod og barnebustader
PS 62/17	Vurdering av takst i høve matpengar ved Hamna dagsenter
PS 63/17	Månadsrapport februar 2017
PS 64/17	Finansrapport 2016 (passiva)
PS 65/17	Årsmelding og skatterekneskap for 2016
PS 66/17	Campusutvikling - Ressursar til å bistå kommunen i planlegging av kulturhus og kino
PS 67/17	Satsning på strandryddedag i Volda kommune 2017
PS 68/17	Orienteringssaker
OS 67/17	Mørenett - Samlokalisering av Tussatun og Dragsund - Sluttrapport dat. 17.03.17
OS 68/17	Orientering om løyve - ny 40 MVA transformator i Volda transformatorstasjon – Mørenett



VOLDA KOMMUNE

OS 69/17 **Avgjerd om talet på geografiske driftseiningar i Møre og Romsdal politidistrikt - brev frå justis- og beredskapsdepartementet**

OS 70/17 **Oppsummering og presentasjonar frå felles arbeidssamling politiske og administrative leiarar 27. mars**

PS 54/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling:

Dokument utdelt i møtet:

- OS 67/17 – Ørsta kommune: *Vedkomande ekstrameldt sak til generalforsamlinga i Tussa Kraft AS 21. april – Samlokalisering av Mørenett på Søre Sunnmøre, framlegg til vedtak, datert 11.04.2017*

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakliste:

Dan Helge Bjørneset reiste spørsmål om formannskapet kan får ei orientering frå eigedomsavdelinga om; arbeidet kring EPC, vaktmeisterordninga, pris og rutinar for reinhald.

Gunnar Strøm viste til oppslag i media der det vart reist spørsmål om sentrumsutvikling og veg gjennom Volda sentrum. Klassifisering av denne vegen bør avklarast med Statens vegvesen. Ordføraren vil, i samarbeid med utviklingssektoren, arbeide vidare med saka.

Margrete Bjerkvik viste til møteplanen for politiske møte, og kom med oppmoding om at det ikkje vert sett opp møte rett etter påskeferien.

Rådmannen informere om at administrasjonen vil fremje ei mindre endring i innstilling til vedtak i sak PS 67/17, Satsing på strandryddedag i Volda kommune 2017.

Røysting:

Innkalling og sakliste, med tillegg og spørsmål frå Dan Helge Bjørneset, Gunnar Strøm, Margrete Bjerkvik og rådmannen, vart samrøystes godkjent.



VOLDA KOMMUNE

Orientering i slutten av møtet

Volda prestegard

Odd Harald Sundal informerte om at Volda kommune har søkt Bispedømerådet om å få leige Volda prestegard. Ein ser føre seg at prestegarden kan vere egna lokale for Styrk arbeid og Gnisten dagsenter. Ordføraren opplyste om at lokala også kan nyttast i andre samanhengar, som til dømes møte og intimkonsertar.

PS 55/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 21.03.2017, vart samrøystes godkjent.

OS 66/17 Opningstider på servicekontoret

Handsaming:

Kultur- og servicesjef, Inger-Johanne Johnsen, orienterte om planar kring endring av opningstider ved servicekontoret. Sentralbordet vil vere betjent frå kl. 08.00-16.00, medan servicekontoret vil vere ope for publikum mellom kl. 09.00-15.30. Denne endringa vil frigi tid til sakshandsaming i avdelinga. Formannskapet slutta seg til dette.

PS 56/17 Planid 2016001 - reguleringsplan E39 Volda - Furene. Planform. avtale med Statens Vegvesen om utarbeiding av områdereguleringsplan.

Administrasjonen si tilråding:

Volda Kommune har ikkje merknad til planarbeidet for E39 Volda -Furene med arealbruk for tilgrensande areal i Volda sentrum og i Furene-området, jf. varsla planområde, vert fremja som områdereguleringsplan i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-2, JF. §3-7. Detaljreguleringsplan for veganlegget E39 Volda -Furene og tilhøyrande infrastrukturiltak for omlegging av lokalveggar og mellombels arealbruk i anleggsfase skal inngå som del av planinnhald og planprosess.

Handsaming:

Sakshandsamar Per Heltne møtte under handsaminga av saka.

Administrasjonen kom med følgjande endring i tilrådinga til vedtak, vist i utheva tekst nedanfor:
av Statens vegvesen.



VOLDA KOMMUNE

*Volda Kommune har ikkje merknad til planarbeidet for E39 Volda -Furene med arealbruk for tilgrensande areal i Volda sentrum og i Furene-området, jf. varsla planområde, vert fremja av **Statens vegvesen** som områdereguleringsplan i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-2, JF. §3-7.*

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen, med endringar, vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 18.04.2017:

Volda Kommune har ikkje merknad til planarbeidet for E39 Volda -Furene med arealbruk for tilgrensande areal i Volda sentrum og i Furene-området, jf. varsla planområde, vert fremja av Statens vegvesen som områdereguleringsplan i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-2, JF. §3-7.

Detaljreguleringsplan for veganlegget E39 Volda -Furene og tilhøyrande infrastrukturtiltak for omlegging av lokalveggar og mellombels arealbruk i anleggssfase skal inngå som del av planinnhald og planprosess.

PS 57/17 Planid 2011009 - Reguleringsplan turveg Rotevatnet - handsaming etter nytt offentleg ettersyn

Administrasjonen si tilråding:

- 1. I samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12 -12 vert detaljreguleringsplan for turveg Rotevatnet - slik det går fram av justert plankart datert 30.03.2017 og føresegner datert 30.03.2017 - godkjent.*
- 2. Kommunestyret konstaterer at gjennomføring av planen tvillaust er meir til gagn enn skade, jfr oreigningslova §2 og PBL kap. 16.*

Handsaming:

Sakshandsamar Torgeir Stensø møtte under handsaminga av saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen fekk sju røyster og vart vedteken. Sølvi Dimmen og Roald Espset røysta imot.



VOLDA KOMMUNE

Tilråding i formannskapet - 18.04.2017 til kommunestyret:

- 1. I samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12 -12 vert detaljreguleringsplan for turveg Rotevatnet - slik det går fram av justert plankart datert 30.03.2017 og føresegner datert 30.03.2017 - godkjent.*
- 2. Kommunestyret konstaterer at gjennomføring av planen tvillaust er meir til gagn enn skade, jfr oreigningslova §2 og PBL kap. 16.*

PS 58/17 Rasteplassar langs riksveggar i Volda

Administrasjonen si tilråding:

Volda Formannskap kjem med følgjande uttale til ”plan for rasteplassar langs riksveggar i Møre og Romsdal”:

1. Prinsippa som skal leggest til grunn for struktur og fasilitetar på rasteplassane verkar å gi eit godt tilbod for dei reisande, og det er positivt at det skal takast omsyn til turisme og friluftsliv. Det bør i tillegg vere mulegheit for oppsetting av turistinformasjonskilt på slike hovudrasteplassar.

Ein er derimot noko skeptisk til at eksisterande rasteplassar, utan funksjon som hovudrasteplass, ikkje lengre vert halde vedlike som rasteplassar med bord, benkar, søppelkasser. Det er også uklart om kva konsekvensar ”plan for rasteplassar” vil få for «Padderasteplassen» på Fyrde. Det er ein mangel at «plan for rasteplassar» ikkje har tatt med forslag til hovudrasteplassar langs RV651 som går gjennom kommunen. På denne strekninga vil ein peike på Tua i Eid kommune som muleg område for ein hovudrasteplass mellom Folkestad og Nordfjordeid. Elles er det behov for rasteplassfasilitetar med toalettanlegg på ferjekaia på Folkestad. Ferjetidene med berre ein avgang pr. time på kveldstid medfører gjerne lang ventetid, i tillegg til at området ved ferjekaia ofte vert nytta som døgnkvileplass.

2. Valet av rasteplassen ved Hjartåberget som hovudrasteplass synes fornuftig ut frå avstanden til andre naturlege stoppepunkt på E39 i området. Rasteplassen har plass for større køyretøy og har gode fasilitetar for rast, stopp og døgnkvile. Rasteplassen er utgangspunkt for tursti og er eit fint utsiktspunkt mot fjordlandskapet. Rasteplassen bør oppgraderast med informasjonsskilt over kommunen og regionen, med sikte på å informere om Ørsta, Volda og Hornindal som eit attraktivt reise- og friluftsområde. I følgje prinsippa for fasilitetar på slike rasteplassar bør det leggest til rette for fleire bord.

•Så sant det ikkje er behov for utviding ut over avsett vegareal i eksisterande reguleringsplan synest ikkje behov for ny reguleringsplan. Behovet for byggeplan vil vere avhengig av omfanget av ev. oppgraderingsbehov.

•Rasteplassen har avklarte eigartilhøve, der Statens vegvesen har erverva veggrunn i området.



VOLDA KOMMUNE

•Rasteplassen ligg innanfor gul og raud sone i støysonekart frå 2016. Sittegruppene ligg hovudsakeleg i gul støysone. Det vil ikkje vere problem med støy frå rasteplassen til eksisterande busetnad.

3.Når det gjeld Furene-området som aktuell lokalisering for «døgnkvileplass», vil kommunen vurdere å legge til rette for slik etablering i ny arealdel som vi har under arbeid.

Handsaming:

Sakshandsamar Heidi Istad møtte under handsaminga av saka.

Ordføraren kom med slikt framlegg til endring i punkt 1, andre avsnitt:

Formannskapet føreset at eksisterande rasteplassar, vert halde vedlike som rasteplassar med bord, benkar, søppelkasser.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen, med endring frå ordføraren, vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 18.04.2017

Volda Formannskap kjem med følgjande uttale til ”plan for rasteplassar langs riksvegar i Møre og Romsdal”:

1.Prinsippa som skal leggest til grunn for struktur og fasilitetar på rasteplassane verkar å gi eit godt tilbod for dei reisande, og det er positivt at det skal takast omsyn til turisme og friluftsliv. Det bør i tillegg vere mulegheit for oppsetting av turistinformasjonskilt på slike hovudrasteplassar.

Formannskapet føreset at eksisterande rasteplassar, vert halde vedlike som rasteplassar med bord, benkar, søppelkasser. Det er også uklart om kva konsekvensar ”plan for rasteplassar” vil få for «Padderasteplassen» på Fyrde. Det er ein mangel at «plan for rasteplassar» ikkje har tatt med forslag til hovudrasteplassar langs RV651 som går gjennom kommunen. På denne strekninga vil ein peike på Tua i Eid kommune som muleg område for ein hovudrasteplass mellom Folkestad og Nordfjordeid. Elles er det behov for rasteplassfasilitetar med toalettanlegg på ferjekaia på Folkestad. Ferjetidene med berre ein avgang pr. time på kveldstid medfører gjerne lang ventetid, i tillegg til at området ved ferjekaia ofte vert nytta som døgnkvileplass.

2.Valet av rasteplassen ved Hjartåberget som hovudrasteplass synes fornuftig ut frå avstanden til andre naturlege stoppepunkt på E39 i området. Rasteplassen har plass for større køyretøy og har gode fasilitetar for rast, stopp og døgnkvile. Rasteplassen er utgangspunkt for tursti og er eit fint utsiktspunkt mot fjordlandskapet. Rasteplassen bør oppgraderast med informasjonsskilt over kommunen og regionen, med sikte på å informere om Ørsta, Volda og Hornindal som eit attraktivt reise- og friluftsområde. I følgje prinsippa for fasilitetar på slike rasteplassar bør det leggest til rette for fleire bord.



VOLDA KOMMUNE

•Så sant det ikkje er behov for utviding ut over avsett vegareal i eksisterande reguleringsplan synest ikkje behov for ny reguleringsplan. Behovet for byggeplan vil vere avhengig av omfanget av ev. oppgraderingsbehov.

•Rasteplassen har avklarte eigartilhøve, der Statens vegvesen har erverva veggrunn i området.

•Rasteplassen ligg innanfor gul og raud sone i støysonekart frå 2016. Sittegruppene ligg hovudsakeleg i gul støysone. Det vil ikkje vere problem med støy frå rasteplassen til eksisterande busetnad.

3.Når det gjeld Furene-området som aktuell lokalisering for «døgnkvileplass», vil kommunen vurdere å legge til rette for slik etablering i ny arealdel som vi har under arbeid.

Sølvi Dimmen fekk permisjon og vara Uthman Harbid tok sete.

PS 59/17 Hjartåbygda skyttarlag - tilskot til bygging av veg og parkeringsplass

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune syner til søknad d.s. 13. januar 2017 gfrå Hjartåbygda skyttarlag v/Hogne Homberset om støtte til bygging av veg og parkeringsplass.

Kommunen finn ikkje å kunne imøtekomme søknaden om dekning av årleg grunnleige. Kommunen finn heller ikkje å kunne imøtekomme søknaden om tilskot på kr. 300.000,-.

Handsaming:

Odd Harald Sundal kom med slikt framlegg:

Volda kommunestyre ser positivt på aktiviteten rundt Hjartåbygda Skyttarlag, og løyver 300.000 kr. I tilskot til å opparbeide vegen til skytebane. Dette for at tildelte tippemidlar skal bli utløyst.

Inndekning frå ubundne driftsfond.

Prøverøysting:

Det vart røysta alternativ mellom framlegget frå Odd Harald Sundal og tilråding frå administrasjonen. Framlegget frå Odd Harald Sundal fekk ni røyster. Tilrådinga frå administrasjonen fekk null røyster.

Røysting:

Framlegget frå Odd Harald Sundal vart samrøystes vedteke.



VOLDA KOMMUNE

Tilråding i formannskapet - 18.04.2017 til kommunestyret:

Volda kommunestyre ser positivt på aktiviteten rundt Hjartåbygda Skyttarlag, og løyver 300.000 kr. I tilskot til å opparbeide vegen til skytebana. Dette for at tildelte tippemidler skal bli utløyst.

Inndekning frå ubundne driftsfond.

PS 60/17 Breiband/fiber Volda - Grodås

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret godkjenner at det vert søkt om statlege midlar over NKOM-ordninga for å leggje til rette for utbygging av høghastighetsnett for husstandar på strekninga Grodås – Volda.*
- 2. Kommunestyret ber administrasjonen også søkje på infrastrukturmidlar for kommunar som slår seg saman med sikte på å etablere fiber/breiband mellom kommunehuset i Hornindal og Volda rådhus.*
- 3. Kommunestyret ser begge ordningane under punkt 1 og 2 i samanheng for å få til tilfredsstillande løysing for etablering av fiber/breiband mellom administrasjonsbygga i ny kommune, og er innforstått med at dei statlege tilskotsordningane føreset kommunal eigenfinansiering. Val av endeleg løysing og dekningsmåte vert å kome attende til når alle forhold er avklart (storleik på kostnad, tilskot mv)*

Handsaming:

Sakshandsamar Edvin Løfoll møtte under handsaminga av saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 18.04.2017 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret godkjenner at det vert søkt om statlege midlar over NKOM-ordninga for å leggje til rette for utbygging av høghastighetsnett for husstandar på strekninga Grodås – Volda.*
- 2. Kommunestyret ber administrasjonen også søkje på infrastrukturmidlar for kommunar som slår seg saman med sikte på å etablere fiber/breiband mellom kommunehuset i Hornindal og Volda rådhus.*
- 3. Kommunestyret ser begge ordningane under punkt 1 og 2 i samanheng for å få til tilfredsstillande løysing for etablering av fiber/breiband mellom administrasjonsbygga i ny kommune, og er innforstått med at dei statlege tilskotsordningane føreset*



VOLDA KOMMUNE

kommunal eigenfinansiering. Val av endeleg løysing og dekningsmåte vert å kome attende til når alle forhold er avklart (storleik på kostnad, tilskot mv)

PS 61/17 Utfordringar knytt til manglande faste stillingsressursar ved avlastningstilbod og barnebustader

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret tek informasjon om utfordringane knytt til manglande faste stillingsressursar ved avlastningstilbod og barnebustader til vitende og vedtek å opprette inntil 3,5 faste årsverk.*
- 2. Prioriteringa i punkt 1 representerer ein kostnad på ca kr 2 millionar som må dekkjast innanfor ramma til helse- og omsorgssektoren gjennom den samla ressursdisponeringa i løpet av året.*
- 3. Kommunestyret syner til oppfølging av arbeidsmiljøundersøkinga med fokus på leiing, arbeidsmiljøutvikling og kompetanseutvikling for å styrke meistringsorientert leiing og arbeidsmiljø. Kommunestyret vil vurdere auka ressursar til tiltak retta inn mot overordna måloppnåing.*

Handsaming:

Ass. helse- og omsorgssjef møtte under handsaminga av saka.

Formannskapet drøfta saka og var samde om at problemstillinga bør sendast til drøfting i driftsstyret.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 18.04.2017 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret tek informasjon om utfordringane knytt til manglande faste stillingsressursar ved avlastningstilbod og barnebustader til vitende og vedtek å opprette inntil 3,5 faste årsverk.*
- 2. Prioriteringa i punkt 1 representerer ein kostnad på ca kr 2 millionar som må dekkjast innanfor ramma til helse- og omsorgssektoren gjennom den samla ressursdisponeringa i løpet av året.*
- 3. Kommunestyret syner til oppfølging av arbeidsmiljøundersøkinga med fokus på leiing, arbeidsmiljøutvikling og kompetanseutvikling for å styrke meistringsorientert leiing og arbeidsmiljø. Kommunestyret vil vurdere auka ressursar til tiltak retta inn mot overordna måloppnåing.*



VOLDA KOMMUNE

PS 62/17 Vurdering av takst i høve matpengar ved Hamna dagsenter

Administrasjonen si tilråding:

Matpengane ved Hamna dagsenter har ikkje vore endra sidan 2015 og kommunestyret har i K-sak 166/16 vedteke å fasthalde dette nivået også for 2017. Formannskapet syner til saksutgreiinga og finn ikkje å ta initiativ til ny handsaming av matpengane for Hamna dagsenter for 2017.

Handsaming:

Ass. helse- og omsorgssjef, Ingunn Gjengedal var til stades under handsaminga av saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 18.04.2017 til kommunestyret:

Matpengane ved Hamna dagsenter har ikkje vore endra sidan 2015 og kommunestyret har i K-sak 166/16 vedteke å fasthalde dette nivået også for 2017. Formannskapet syner til saksutgreiinga og finn ikkje å ta initiativ til ny handsaming av matpengane for Hamna dagsenter for 2017.

Sølvi Dimmen møtte, og vara Uthman Harbid gjekk.

PS 63/17 Månadsrapport februar 2017

Administrasjonen si tilråding:

Månadsrapporten for februar 2017 vert teken til vitende

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 18.04.2017:

Månadsrapporten for februar 2017 vert teken til vitende.



VOLDA KOMMUNE

PS 64/17 Finansrapport 2016 (passiva)

Administrasjonen si tilråding:

Finansrapport 2016 (passiva) vert teken til vitende.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 18.04.2017 til kommunestyret:

Finansrapport 2016 (passiva) vert teken til vitende.

PS 65/17 Årsmelding og skatterekneskap for 2016

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret tek årsmelding og skatterekneskapen for 2016 til vitende.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 18.04.2017 til kommunestyret:

Kommunestyret tek årsmelding og skatterekneskapen for 2016 til vitende.

PS 66/17 Campusutvikling - Ressursar til å bistå kommunen i planlegging av kulturhus og kino

Administrasjonen si tilråding:



VOLDA KOMMUNE

Kommunestyret løyver inntil kr 250 000 til planlegging i samband med utgreiing av kulturhus og kino i sambruksløyising i samarbeid med Høgskulen sitt nye mediebygg på Campus. Løyvinga vert dekt over formannskapet sin disposisjonspost.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 18.04.2017 til kommunestyret:

Kommunestyret løyver inntil kr 250 000 til planlegging i samband med utgreiing av kulturhus og kino i sambruksløyising i samarbeid med Høgskulen sitt nye mediebygg på Campus. Løyvinga vert dekt over formannskapet sin disposisjonspost.

PS 67/17 Satsning på strandryddedag i Volda kommune 2017

Administrasjonen si tilråding:

Laurdag 6. mai er den offisielle strandryddedagen som er del av strandryddeveka 2. – 7. mai. Som eit ledd for å sette miljø på dagsorden for dei tilsette i Volda kommune oppmodar formannskapet innbyggjarane om å delta på strandryddedag.

Handsaming:

Rådmannen kom med følgjande endring i tilrådinga til vedtak:

Laurdag 6. mai er den offisielle strandryddedagen som er del av strandryddeveka 2. – 7. mai. Som eit ledd for å sette miljø på dagsorden ~~for dei tilsette i Volda kommune~~ oppmodar formannskapet innbyggjarane om å delta på strandryddedag.

Sakshandsamar Lars Løkeland Slåke var til stades under handsaminga av saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen, med endringar frå rådmannen, vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 18.04.2017

Laurdag 6. mai er den offisielle strandryddedagen som er del av strandryddeveka 2. – 7. mai. Som eit ledd for å sette miljø på dagsorden oppmodar formannskapet innbyggjarane om å delta på strandryddedag.



VOLDA KOMMUNE

PS 68/17 Orienteringssaker

OS 67/17 Mørenett - Samlokalisering av Tussatun og Dragsund - Sluttrapport dat. 17.03.17

Dokument utdelt i møtet:

- Ørsta kommune: *Vedkomande ekstrameldt sak til generalforsamlinga i Tussa Kraft AS 21. april – Samlokalisering av Mørenett på Søre Sunnmøre, framlegg til vedtak, datert 11.04.2017*

Formannskapet drøfta saka, og gav si tilslutning til uttalen frå Ørsta kommune.

OS 68/17 Orientering om løyve - ny 40 MVA transformator i Volda transformatorstasjon - Mørenett

OS 69/17 Avgjerd om talet på geografiske driftseiningar i Møre og Romsdal politidistrikt - brev frå justis- og beredskapsdepartementet

OS 70/17 Oppsummering og presentasjonar frå felles arbeidssamling politiske og administrative leiarar 27. mars

Møtet slutt kl. 15:35

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
19.04.2017

Sonja Håvik
konsulent